



14.NOVEMBER

DAGSVERK KOROSTEN 2022-2023

Informasjon til elevar, føresette og arbeidsgivarar.

Det nærmar seg Dagsverk Korosten som er Ølen vgs sitt Operasjon Dagsverk. Me samlar inn pengar til barn og ungdom i Korostenområdet i Ukraina. Mottoet er "elevar hjelper elevar" og Ølen vgs er den einaste skulen i Norge som samlar inn pengar til byskular og landsbyskular i dette svært fattige området av Ukraina. Korosten ligg 8 mil frå Tsjernobyl kor den verste atomulykka i verda fann stad i 1986.

Me samarbeider med THK stiftelsen, og har sidan 2003 vore med å hjelpe ungdom i Korosten. Også i år går pengane til friluft- og idrettsutstyr og anna sårt trengt materiell.

14.november 2022 skal alle elevane våre ut i jobb og samle inn kr 400,- til prosjektet. Alle pengane går til Dagsverk Korosten.

Alle elevane får utdelt ei kvittering. Du som arbeidsgjevar skal føre på summen eleven har tent i løpet av dagen, bedrifta og eleven sitt namn. Om du ynskjer å setje pengar direkte inn på konto, kontonummeret er **8601.89.38288**. Du kan og betala med VIPPS nr 514442 **OBS! Merk med namnet til eleven i kommentarfeltet!**

Takk for di støtte ♥



Helsing Dagsverk-Korostengruppa/elevrådet ved Ølen vgs

Ditt bidrag betyr noko!



HISTORIKK DAGSVERK KOROSTEN

2021-2022	Vårfest, Ukraina i fokus 7.april. THK v/Vidar og Sergeiy formelt overrekket Kr 260.000,- Mai 2022 reiser 6 elever fra DK-gruppa saman med 2 lærarar til Korosten. AVLYST! DK-aksjonsdag 15.november, kr 100.000,- frå DK i fjor overført til THK.
2020-2021	DK-aksjonsdag 16.mars under strenge covid-19 restriksjonar.
2019-2020	4-8.Mai 2020 reiser 6 elever frå DK-gruppa og 2 lærarar til Korosten. THK v/ Vidar Akselsen mottar på siste dag før jul, kr 130.000,- frå DK.
2018-2019	(DK – Dagsverk Korosten) Aksjonsdag er fredag 8.februar 2019 Sergeiy og Larissa Kovalshuk, Vidar Akselsen frå THK vitjar Ølen vgs. Ny intensjonsavtale for perioden 2018-2020 vert underteikna av Elevrådet si DK-gruppe, Rektor og THK.
2017-2018	THK v/ Vidar Akselsen mottar på siste dag før jul, kr 100.000,- frå DK. 2016-2017 THK v/ Vidar Akselsen mottar på siste dag før jul, kr 100.000,- frå DK. Desse midlane bidreg mykje til nytt idrettssenter for elever i eit fattig område i Korosten 2015-2016 THK v/ Vidar Akselsen mottar på 1. skuledag for elevane 16.august, kr. 80.000,- frå DK.
2014-2015	Sergeiy Kovalshuk og Vidar Akselsen frå THK mottar på Planleggings-dagen for lærarane 14.august, kr. 100.000,- frå DK.
2013-2014	DK-prosjekt: Etter intensjonsavtale; «for byskulane vidarefører ein etter skulesjef Alla Krasnokuska sitt ynskje om at midlane nyttast til friidrett-, friluftsliv- og kulturlivsutstyr. For landsbyskulane vidareføre etter samråd med skulesjefen for landsbyskulane og rektorane at midlar skal nyttast til tavler, sport, idrettsutstyr eller det som den enkelte skule treng mest.
2012-2013	DK-prosjekt: Friidrett-, friluftsliv-, og kulturlivsutstyr.
2011-2012	Ordførar, 3 forretningsmenn og bystyrerepresentantar vitjar Ølen vgs. Intensjonsavtale for DK-perioden 2010-2012 vert underteikna. DK-prosjekt: Friidrett-, friluftsliv- og kulturlivsutstyr.
2010-2011	DK-gruppe besøker Korosten. Møte med rektorar og skulesjefar. DK-prosjekt: Nytt undervisningsutstyr til landsbyskulane.
2009-2010	Dagsverksprosjekt: Nytt undervisningsutstyr til byskulane nr. 1 til 13. Tavler, kanon, PCar.
2008-2009	DK-gruppe besøker Korosten. DK-prosjekt: undervisningsutstyr til byskulane nr. 1 til 13. Tavler, kanon, PCar.
2007-2008	Dagsverksprosjekt: Nytt undervisningsutstyr til byskulane nr. 1 til 13. Tavler, kanon, PCar.
2006-2007	Prosjekt støtta av utanriksdepartementet: Demokratisering-skuleval. DK-prosjekt: Nytt toalettbygg på skule nr. 4.
2005-2006	Skulesjefen og lærarar frå Korosten vitjar Ølen vgs for å læra om skuleval, DK-prosjekt: Rehabiliteringssenter for unge rusmisbrukarar.
2004-2005	Valgfaggruppe HO, Humanitært arbeid, besøker Korosten. DK-prosjekt: Rehabiliteringssenter for unge rusmisbrukarar.
2003	Valgfaggruppe HO, Humanitært arbeid, besøker Korosten. DK-prosjekt: Rehabiliteringssenter for unge rusmisbrukarar.